

Overordna avtale om institusjonelt samarbeid om
forskning, innovasjon og utdanning
mellom
Høgskulen på Vestlandet (HVL)
og
Helse Fonna HF (HF)
Gyldig frå 24.04.2020

1. Partane i avtalen

Denne avtalen byggjer på føresegnene i [helseforetakslova](#), [spesialisthelsetenestelova](#) og [universitets- og høgskulelova](#), vedtekter for Helse Vest RHF og [rammeavtale som er inngått mellom Helse Vest og utdanningsinstitusjonane i helseregion vest](#). Partane i avtalen er Høgskulen på Vestlandet (HVL), *org.nr. 917641404*, og Helse Fonna HF (HF), *org.nr. 983974694*.

2. Formål og overordna prinsipp

Formålet med denne avtalen er å vidareutvikle det overordna forpliktande og langsiktige samarbeidet mellom HVL og HF ved sjukehusa i Haugesund, Odda, Valen og på Stord (HF), og å bidra til å skape framifrå fagmiljø og god kvalitet og breidd innanfor forskning, innovasjon og utdanning. Avtalen skal bidra til å skape gjensidig føreseielege forhold og danne grunnlag for praktiske løysingar knytte til det organisatoriske og faglege samarbeidet, og for at det blir lagt til rette for synergieffektar, utvikling og god ressursutnytting for begge partar.

Det institusjonelle samarbeidet skal vere eit verkemiddel for gjennomføring av dei oppgåvene som ligg til partane etter lov og instruks. Denne overordna avtalen bør supplerast med særavtalar der det er formålstenleg (jf. pkt. 5 Avtalestruktur).

3. Definisjonar

Forskning: vitenskapleg prosess og metodikk som gjennom systematisk arbeid kan få fram ny kunnskap

Innovasjon: nye eller vesentlig forbetra varer, tenester, prosessar, organisasjons- og styringsformar eller konsept som takast i bruk for å oppnå verdiskaping og samfunnsnytte

Utdanning: handlar i denne samanhengen om utdanningsløp på bachelor- og masternivå og om etter- og vidareutdanningar ved HVL

Delte stillingar

- a) Kombinert stilling: stilling der medarbeidaren har éin arbeidsgivar, men er kjøpt fri for å jobbe delar av stillinga for ein annan arbeidsgivar, eller stillingar der partane dekkjer kvar sin del. Frikjøpet kan vere i ulike prosentindelingar.
- b) Bistilling: stillingsprosent (som regel 20 prosent) hjå ein annan arbeidsgivar i tillegg til 100 prosent stilling hjå hovudarbeidsgivaren

Utviklingsmidlar: økonomiske midlar som høgskulen skal nytte i eit fellesskap mellom partane som verkemiddel for å bidra til auka kvalitet og klinisk relevans i utdanningane og styrkje sjukehusa som praksisarena¹

4. Område for samarbeid

Partane er samde om at institusjonane har mange samanfallande interesser.

4.1. Forsking og innovasjon

Forsking ved institusjonane kan overlape både tematisk og i bruk av personell. Det er eit felles mål å utnytte ressursane slik at ein samla kan vidareutvikle forskingsmiljøet i regionen og i samarbeid løfte viktige satsingsområde. Partane skal i samarbeid, der det er nødvendig, regulere eigedoms- og bruksrett til forskingsmateriale og -resultat, publisering, kommersialisering og eventuelle andre rettar knytte til resultat av samarbeid innanfor forskning og innovasjon.

Dei nemnde forholda skal regulerast i ein nivå II-avtale om forskning og innovasjon.

4.2. Utdanning

HVL har det formelle ansvaret for å planleggje og kvalitetssikre innhaldet i studia og for å kvalitetssikre kunnskapane og kompetansen til studentane. HVL skal sørge for tilbod om kompetanseheving for rettleiarar som er tilsette ved HF.

HVL skal i samarbeid med HF leggje til rette for utdanningstilbod av høg kvalitet som er relevante for dei behova helsetenestene har. Samarbeidet vil gå for seg i ulike forum og ved at HF blir involvert i utvikling og revisjon av studieplanar. Partane skal gjensidig informere kvarandre om forhold som har betydning for kompetanse og kapasitet.

HF skal i samarbeid med HVL leggje til rette for relevante læringsarenaer/lærings situasjonar og eit godt læringsmiljø for studentane. HF skal med den kliniske verksemda si bidra til at studentane oppnår det fastsette læringsutbyttet. Dette inkluderer å følge opp, rettleie og vareta studentar og å gi studentane tilgang til pasientar og nødvendige pasientopplysningar til undervisningsformål. Infrastrukturen og drifta ved HF skal spegle at utdanning av helsepersonell er ein viktig del av verksemda.

Dei nemnde forholda skal utdypast i nivå II- og III-avtalar om utdanning. Desse skal regulere ansvar, roller, kapasitet på praksisplassar, kompetanse og samarbeidsarenaer på alle relevante nivå.

4.3. Personell

Partane skal leggje til rette for tilsetjingar i kombinerte stillingar og bistillingar mellom sjukehusa og utdanningsinstitusjon for å bidra til forskning, innovasjon og utdanning. Vidare skal partane

¹ Referanse: Brev frå KD datert 22.12.2005 vedr. «Praksisundervisning for helse- og sosialfagstudenter ved statlige og private høgskoler», frå HOD datert 15.09.2005 vedr. «Praksisundervisning for helse- og sosialfagstudenter - omlegging frå "praksisveiledningsmidler" til "samarbeidsmidler"» og datert 09.01.06 om «Praksisundervisning for helse- og sosialfagstudenter ved statlige og private høgskoler».

leggje til rette for felles prosjektsamarbeid innanfor aktuelle fagfelt, inkludert samarbeid om prosjekt som er knytte til utviklingsmidlar.

4.4. Areal og IKT-infrastruktur

HF skal sørge for at HVL kan vidareføre den noverande verksemda si på areal og i lokale som allereie er avtalte. Dersom ein av partane ønskjer å leige areal hjå den andre parten, kan dette takast opp i samarbeidsforumet og kanalisert vidare til dei rette instansane for dialog om moglegheiter og rammevilkår.

Dersom studentar, forskarar og andre tilsette ved HVL har behov for IKT-tilgangar ved HF, skal HF bidra med nødvendige tilgangar etter nærare avtale, innanfor rammene av regelverket. På same måte skal HVL leggje til rette for at HF-tilsette som har behov for det, får nødvendige IKT-tilgangar hjå HVL.

5. Organisatorisk samarbeid

For å sikre at samarbeid blir etablerte og varetakne på ein planmessig måte og med tilstrekkeleg kvalitet, etablerer partane eit samarbeidsforum.

5.1. Samarbeidsforum

(i) Mandat

Partane opprettar eit samarbeidsforum for toppleiinga ved HVL og HF der dei tek opp og diskuterer spørsmål av felles interesse. Via forumet pliktar partane å halde kvarandre gjensidig informerte om strategiar, planar og tiltak som påverkar pliktene og moglegheitene til partane og samarbeidet deira elles etter denne avtalen. Partane er samde om at det i tillegg skal opprettast faste samarbeidsmøte på eit operativt nivå. Samarbeidsforumet kan gi føringar og oppdrag til samarbeidsråd på nivå II og III.

(ii) Samansetjing

Samarbeidsforumet skal bestå av inntil fem medlemmer frå kvar part. Rektor frå HVL og administrerande direktør frå HF skal vere representerte i samarbeidsforumet. Partane vel sjølve dei andre medlemmene som skal representerast på møta.

(iii) Møte og innkalling

Samarbeidsforumet skal møtast minimum ein gong per semester. Møtefrekvensen kan endrast etter avtale mellom partane. Møteleiinga rullerer mellom partane og blir vareteken av vertskapet for møtet. Det skal innkallast skriftleg til møta med tilstrekkeleg varsel. Sakliste og nødvendig saksdokumentasjon skal leggjast ved innkallinga. Eit sekretariat tek seg av arbeidet.

(iv) Sekretariat

Sekretariatet skal bestå av éin person / to personar frå HF og éin person / to personar frå HVL. Sekretariatet har ansvar for saksførebuing, etter innspel frå og i samarbeid med fagpersonell ved dei to partane. Sekretariatet har ansvar for å føre referat frå møta. Referata skal sendast til medlemmene av samarbeidsforumet i etterkant av møta.

6. Avtalestruktur

Denne avtalen er den første og overordna avtalen i eit sett av avtalar som regulerer det institusjonelle samarbeidet mellom partane. Partane er samde om at det vil bli inngått underavtalar som regulerer dei enkelte tematiske samarbeidsområda – utdanning, forskning og innovasjon. Det er såleis tenkt at det skal utarbeidast avtalar på tre nivå:

Nivå I	overordna (denne avtalen)
Nivå II	samarbeidsavtalar som regulerer dei enkelte samarbeidsområda (utdanning, forskning og innovasjon etc.)
Nivå III	konkrete sær- og samarbeidsavtalar

Ved eventuell motstrid mellom avtalane skal nivå I ha forrang framfor nivå II og III, og nivå II ha forrang framfor III.

7. Varigheit og revisjon

7.1. Varigheit

Avtalen gjeld frå signeringsdato og inntil ein av partane seier opp avtalen med minst 12 månaders varsel.

7.2. Revisjon

Kvar av partane kan med 6 månaders varsel krevje at denne avtalen blir revidert dersom føresetnadene for samarbeidet endrar seg. Før slik revidering skal føresetnadene og avtaleforholdet drøftast i samarbeidsforumet.

7.3. Verknad av oppseiing

Ved opphøyr av denne overordna avtalen blir partane rekna som frie for forpliktingane sine.

7.4. Tidlegare avtale

Dei gjensidige forpliktingane partane har overfor kvarandre etter tidlegare overordna avtaleverk, fell bort ved inngåing av denne avtalen.

8. Handtering av usemje

Dersom det oppstår tvist om tolking eller gjennomføring av denne avtalen, skal dette løysast gjennom drøftingar eller reforhandlingar mellom partane.

9. Signatur

Denne avtalen er utferdta i to eksemplar. Kvar part beheld eitt eksemplar.

Dato: 24.4.2020

Bård Rønne

Rektor

Høgskulen på Vestlandet

Dato: 28.04.20


Administrerende direktør

Helse Fonna HF

